

**PROTOKOLL**  
**Forhandlingsutvalet**

**Møte:** 04/2015  
**Tid:** Måndag 24. august kl. 13.45 – 17.00  
**Stad:** Skjerjehamn

**Til stades:**

Kommune	Austrheim	Fedje	Gulen	Lindås	Masfjorden
<b>Ordførar</b>	Per Lerøy	Kristin Handeland	Hallvard Opdal	Astrid Byrknes	Karstein Totland
<b>Vara-ordførar</b>	Helge Dyrkolbotn	Roy Asle Tungland	Arve Harald Mjømen	May Eva Sandvik	Marit Steinestø
<b>Politikar</b>	Ernst Stellberg		Bjarte Undertun	Nina Bognøy	Arthur Sjursen
<b>Rådmann</b>		Vidar Bråthen	Reidun Halland		Svein Helge Hofslundsengen
<b>Kommune</b>	<b>Modalen</b>	<b>Radøy</b>	<b>Solund</b>		
<b>Ordførar</b>	Knut Moe	Jon Askeland	Ole Gunnar Krakhell		
<b>Vara-ordførar</b>	Kristin Nåmdal	Ann Christin Hoen			
<b>Politikar</b>			Tom Færøy		
<b>Rådmann</b>	Øivind Olsnes	Jarle Landås			
<b>Tillitsvalde</b>	Jarle Næss – Utdanningsforbundet, Else Soltveit – Fagforbundet				
<b>NUI:</b>	Bent Gunnar Næss				
<b>Andre:</b>	Ole Bakkebø - Fylkesmannen, Åsbjørn Vetti – KS Konsulent				

<b>Sak 22/15</b>	<b>Godkjenning, møteinkalling og saksliste</b>  <b>Vedtak:</b> Møteinkalling og saksliste vart godkjent utan merknad.
<b>Sak 23/15</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte</b> Jon Askeland gjekk kort gjennom møteprotokollen frå sist møte.  <b>Vedtak:</b> Møteprotokollen frå møte 25.06.15 – møte nr 3 vart godkjent utan merknad.
<b>Sak 24/15</b>	<b>Oppsummering av kva som kom fram i sist møte</b> Åsbjørn Vetti frå KS Konsulent innleia til denne saka. Forhandlingsdokumentet vart gått gjennom punkt for punkt. Nokre av punkta vart tatt opp som eigne saker – sjå sakene 25, 26 og 27.

	<p>Følgjande punkter i utkastet til intensjonsavtale vart gjennomgått.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innleiring og bakgrunn</li> <li>• Mål og delmål -</li> <li>• Namn og kommunesenter</li> <li>• Kultur og språk</li> <li>• Regional utvikling</li> <li>• Prinsipp for tenestene og tenesteutvikling</li> <li>• Nærcenter</li> <li>• Vidaregående skular</li> <li>• Fellesnemnda</li> <li>• Prinsipp for organisering av den nye kommunen</li> <li>• Investeringsprosjekt</li> </ul> <p>Det vart for kvart punkt notert ned kommentarar som kom fram i møte. For nokon av punkta var der lite med kommentarar.</p> <p><b>Vedtak:</b> Arbeidsutvalet får i oppdrag og innarbeide det som kom fram i møte inn i dokumentet og sjå til at intensjonsavtalen får eit heilskapleg preg.</p>
<b>Sak 25/15</b>	<p><b>Lokaldemokrati – politisk organisering</b></p> <p>Som bakrunn for denne saka var der laga til eit notat om lokalutval som var sendt ut saman med møtepapira.</p> <p>Kommuneloven §7 set krav om kor mange som minimum må vere i kommunestyret. Kommune med over 10.000 innbyggjarar, men under 50.000 må minimum ha 27 medlem i kommunestyret. Kommuneloven set ingen øvre grense for tal medlem i kommunestyret. I dagens kommune Noreg varierer tal medlem frå 11 til 67. For dei kommunane som er over 20.000 og under 50.000 innbyggjarar er der variasjon i tal medlem frå 27 til 49.</p> <p>Kommuneloven § 8 set krav om at formannskapet minimum skal ha 5 medlem, der er ingen andre krav til tal medlem.</p> <p>Tal medlem i kommunestyret vart diskutert. Forhandlingsutvalet var einig om at det var viktig å ha eit relativt stort kommunestyre som kan vere med å sikre ein brei representasjon frå heile den nye kommunen. Kommunestyret bør difor bestå av 45 medlem.</p> <p>Forhandlingsutvalet ønskjer å ha formannskapsmodellen (§ 8 i kommuneloven). For å sikre ein brei representasjon av partia som er i kommunestyret så vil ein ha 13 medlem i formannskapet.</p> <p>Forhandlingsutvalet var også einig om at ein skal følge prinsippet om gjennomgående representasjon. Det vil gi ein tydeleg politisk styringsstruktur.</p> <p>Forhandlingsutvalet diskuterte om ein skulle velje modellen med hovudutval eller komité modellen. Hovudutval kan få ein meir formell plassering med ansvar og myndigkeit delegert frå kommunestyret. Det vart også diskutert om kva type utval som ein skulle ha i den nye kommunen. Under diskusjonen kom det fram blant anna følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bør den politiske organiseringa spegle den administrative organiseringa</li> <li>• Bør det vere eit eige utval for samfunnsutvikling? Dette vil bli eit veldig sentralt organ i oppstarten av ein ny kommune. Eller er dette ein overordna planlegging som formannskapet må ha hand om? Eventuelt er det så mykje arbeid med dette at det krev eit eige utval i starten?</li> <li>• Der var litt ulike argument for og i imot modell med hovudutval eller modell for</li> </ul>

	<p>komité. Det vart mellom anna peika at ved å ha hovudutval så får ein engasjert heile kommunestyret på ein betre måte og sikrar at kompetansen blir nytta på ein god måte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vart også peika på at ein må sjå på dette med frikjøp av politikarar.</li> </ul> <p>Til møte var der sendt ut eit notat om lokalutval.</p> <p>Ein av dei store utfordringane med kommunesamanslåing er at dei kommunane som er minst og som ligg lengst vekk frå det nye kommunesenteret kan få låg representasjon i det nye kommunestyret. For å komme med ein motvekt til dette så hadde arbeidsutvalet eit forslag om at det vert oppretta eit lokalutval i kvar av kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.</p> <p>Lokalutvalet skal bidra til lokalt engasjement for nærmiljøet, vere ein kanal for dialog mellom innbyggjarane i området og kommunen, samt eit høringsorgan for politiske saker som vedkjem innbyggjarane i området.</p> <p>Lokalutvalet skal høyrast i plansaker før dei vert vedteke. Dersom det er planar om å gjere strukturelle endringar i tenestetilbodet skal lokalutvalet høyrast før dei vert vedteke.</p> <p>Lokalutvalet står også fritt til å kome med uttale og innspel i andre politiske saker. Lokalutvala vert på denne måten ein del av saksgongen i kommunen i desse sakene.</p> <p>Forhandlingsutvalet støtta forslaget om at det vert oppretta lokalutval i områda – Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.</p> <p>For å sikre at ein ryddig prosess med opprettning av desse lokalutvala så ønskja forhandlingsutvalet at kommunestyret i den nye kommunen oppnemte medlemmene i lokalutvala.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det nye kommunestyret får 45 medlem</li> <li>• Vel formannskapsmodellen</li> <li>• Formannskapet skal ha 13 medlem</li> <li>• Vel modellen for gjennomgåande representasjon</li> <li>• I områda Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert det oppretta lokalutval. Medlemmene av lokalutvala vert valt av kommunestyret.</li> <li>• Arbeidsutvalet får i oppdrag å sjå litt nærare på den politiske organiseringa med omsyn til hovudutval eller komité og inndeling. Det bør også sjåast litt nærare på dette med frikjøp av politikarar.</li> </ul>
Sak 26/15	<p><b>Arbeidsgjeverpolitikk</b></p> <p>Rådmann i Gulen – Reidun Halland hadde fått i oppdrag å sei noko om kva rammer ein må halde seg innafor når ein kommunesamanslåing skal gjennomførast. Halland peika mellom anna på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva lovverk som ein må forhalde seg til – Arbeidsmiljølova, Inndelingslova, Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen</li> <li>• Det er krav til informasjon og drøfting – kom i gang så tidleg som mogeleg - det er ein drøftingsplikt – må få involvert dei tillitsvalde</li> <li>• Kommunesamanslåing er ei verksemどsoverdraging – Arbeidsmiljøloven kap 16</li> <li>• Kva garantiar bør det gjevast?</li> <li>• Overtallighet kan bli ei utfordring på leiarnivå – men det er ikkje sikkert. Det bør difor takast ei kartlegging av korleis stoda er.</li> </ul> <p>Dei tillitsvalde hadde fått ei utfordring om å sei kva forventningar dei har til prosessen med kommunesamanslåing. Jarle Næss hadde eit innlegg og han peika mellom anna på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei så stor omorganisering skaper ein viss frykt og skepsis, men også forventning</li> <li>• Forventar god og sakleg informasjon i heile prosessen som er open og ærleg</li> <li>• Reknar med at alle kommunane har etablert styringsgruppe i samband med</li> </ul>

	<p>forhandlingane der dei tillitsvalde forhåpentlegvis er representert.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etter vedtak om samanslåing vil der starte mange og krevjande prosessar</li> <li>• Forventar at denne samanslåinga kan gjennomførast utan oppseingar. Eventuell reduksjon må skje med naturleg avgang.</li> <li>• Regelverket for omstilling må følgjast</li> <li>• Det må vere tilstrekkeleg med frikjøp av dei tillitsvalde slik at dei kan vere med i prosessen</li> <li>• Må få til ei forståing av korleis ein kan jobbe for harmonisering av avtalar og gode i den nye kommunen. Det vil ikkje vere realistisk at alle kan få det beste av kva alle andre har.</li> </ul> <p>Forhandlingsutvalet satte stor pris på dei to forberedte innlegga. Dei gav eit verdifullt fundament i arbeidet vidare. Det vart også peika på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vil ver viktig å få etablert ei leiargruppe så tidleg som mogeleg i den nye kommunen som kan drive desse prosessane framover</li> <li>• Det må også seiast noko om dette med reiseavstand – når det vert tilbod om jobb i den nye kommunen. Kva er akzeptabel reisetid?</li> <li>• KS tilrår at ein nyttar dette med kartlegging – spesielt på det øvste leiarnivået</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka må takast opp igjen på neste møte. Arbeidsutvalet får i oppdrag å jobbe vidare med saka med grunnlag i dei innspela som kom i møte og dei forberedte innlegga. Det må også sjåast til dei tilrådingane som KS har kome med.</p>
<b>Sak 27/15</b>	<p><b>Skattar og avgifter</b> Skattar og avgifter – sjå kap 5 i dokumentet «Rapport 2015» Kvar kommune kan bestemme om dei vil ha eigedomskatt og kva type eigedom som det skal vere eigedomsskatt på. Avgifter som kommunen sine innbyggjarar betaler for kommunale tenester som barnehage, SFO og vatn og avløp varierer noko mellom kommunane.</p> <p>Forhandlingsutvalet var einig om at skattar og avgifter må harmoniserast i den nye kommunen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Skattar og avgifter må harmoniserast i den nye kommunen.</p>
<b>Sak 28/15</b>	<p><b>Orientering frå arbeidsutvalet</b> Prosjektleiar hadde ein orientering om kva arbeidsutvalet har gjort og planar framover.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av kommunikasjonsplan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Har tatt kontakt med Nordhordland prosti (dei dekker same kommunane som den nye kommunen) og vil ta eit møte med dei der vi kan informere om prosjektet og få deira syn og kommentarar</li> <li>○ Vil forsøke å få til ei samling med ungdomsråda i regionen. Der det ikkje er ungdomsråd så vert representantar frå elevråda invitert.</li> <li>○ Vil også ta kontakt med dei to vidaregåande skulane for å informere om prosjektet og få fram kva dei meiner er viktig.</li> <li>○ Vil forsøke å få til ei samling med næringslivet i regionen for å informere og få fram kva dei meiner er viktig.</li> </ul> </li> </ul> <p>I møte vart det også peika på følgjande aktuelle grupper</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Bør prøve å invitere frivillige lag og organisasjonar til ei samling. Dette er ei viktig gruppe og vil bli veldig viktig i den nye kommunen. Må undersøke med kommunane på korleis ein kan få invitert dei.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lagar til ei felles samling for tillitsvalde i alle kommunane. Dette vert gjort i samarbeid med dei to tillitsvalde som deltar i forhandlingsutvalet.</li> <li>● Spørjeundersøkinga – alle kommunane (ordførar og rådmenn) har fått det siste utkastet til høyring. Bedt om å komme med dei ulike alternativa for samanslåing som kan vere aktuelt. Undersøkinga vil i hovudsak bli gjennomført i september. Resultata vil bli lagt fram på neste møte i forhandlingsutvalet. Meland vil også vere med i undersøkinga.</li> <li>● Ser det som naturleg at dei nye kommunestyra får ein grundig orientering om prosjektet og status</li> </ul>
<b>Sak 29/15</b>	<p><b>Oppsummering og tema på neste møte</b></p> <p>I neste møte i forhandlingsutvalet bør dei nye medlemmene delta. Det betyr at neste møte må vere etter at alle kommunestyrene har hatt sitt første møte og har valt det nye forhandlingsutvalet. Det betyr at neste møte i forhandlingsutvalet først kan vere heilt i starten av november månad.</p> <p><b>Neste møte vart bestemt til torsdag 5. november</b>, set av tida frå kl 12.00 – 20.00 – så får arbeidsutvalet komme tilbake med nærmare tidspunkt og stad.</p> <p>I og med at det er noko utskifting av folk i forhandlingsutvalet vil ein i det første møte ha behov for ein viss oppdatering med omsyn til prosess og status. Intensjonsavtalen vil bli gjennomgått. Arbeidsutvalet får i oppdrag å jobbe vidare med sakslista og forberede den til neste møte.</p>

Skjerjehamn, 24. august 2015

Jon Askeland  
Leiar i forhandlingsutvalet  
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss  
Prosjektleiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS